



Bør Festivalen bli større?

**Uskedalen er sterkt underprofilert som reisemål og Uskedalen Utvikling vil no ta initiativ til å danne ei gruppe som kan rette på dette. Det kan ikkje minst skje ved pakkeløysingar, slik ein til dømes opplevde sist helg då fleire spela på lag i samband med eit svært vellukka privat arrangement, Dette var konklusjonen under eit ope møte som UU heldt på Gamleskulen i kveld. Rapportar om sesongen som no er slutt gjekk ut på at det har vore ein god sommar, også med god dekning i media.**

Magne Heggøy frå Rabben Feriesenter rapporterte til dømes om ein bra sesong. Hyttene har vore fulle sidan mai men det har vore litt færre bubilar enn før. Rabben har renovert hytter og vil halda fram med det framover. Nytt tak på sanitærbygningen er ei anna oppgåve som ligg foran. Men at bensinstasjonen ikkje lenger er betjent er eit minus. Det er også skiltinga mot Rabben, men den skal no bli betre.

Elin Enes meldte om ein sesong på det jevne frå sin campingplass medan ho har hatt det svært travelt i samband med sitt nye prosjekt. som lovar godt.

Magne Huglen rapporterte derimot om ein rolig sesong med endel private arrangement men lite overnatting på Dønhaug. Han var til dømes forundra over at det ikkje var kome nokon via Rosendal.

Bjørn Olav Tveit konkluderte med at Festivalen vart gjennomført på ein god måte og takka bygda for mottakinga. Han lova no ein årleg festival. Det var 1000 på fredag og 1500 på laurdag og arrangementet går i pluss, men dette er kva Tveit kalla ein marginal bransje. I evalueringa må ein mellom anna ta stilling til om festivalen bør bli større. Om aktivitetdagen sa Klara Bakke at alle bør bli med hvis ein skal halda fram med den.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Magne Heggøy på Rabben kunne melde om ein bra sesong](#)